

ÅRSMELDING 2008 BJØRKEDAL KYSTLAG

STYRET:

Tove Aurdal Hjellnes, leiar
Ståle Mek, nestleiar
Jørn Olav Løset, sekretær/webredaktør
Nils Olav Skuset, kasserar
Ottar Bjørkedal, styremedlem

Erlend Helset, 1. vara
Inge Vinjevoll, 2. vara
Erling Bjørkedal, 4. vara

VALNEMND: Sivert Bjørkedal, Dag Inge Bjørkedal og Olav Eidseflot

REVISOR: Olav Eidseflot

MØTER/REPRESENTASJON:

Årsmøtet vart avvikla i Jakobsskotet laurdag 12.april 2008.

Det har vore halde fem *styremøter* og eitt *medlemsmøte*. Medlemsmøtet var om bord i Nordlys og temaet var dugnad på båten.

Ståle og Tove var i møte med Kystkulturlaget i Vågsøy og Kystlaget Hornelen 4.april for å planlegge deltaking under Tall Ships' Races i Måløy i august.

Tove var i Rogaland på Forbundet sitt seminar om Kulturminneåret 10.-12. oktober.

NORDLYS

Årsmøtet i 2008 vedtok at Kystlaget skulle kjøpe den 49 fot store fiskebåten Nordlys. Båten er frå 1943 og var no ein såkalla strukturbåt frå Nord-Norge som ein fiskar på Ellingsøya hadde kjøpt for kvota sin del. Den endelege kjøpesummen vart 56250.- kr. Medlemmane bidrog gjennom å kjøpe *støtteandelar* for 44000.- kr. Mange har også støtta gjennom å kjøpe utstyr til båten.

Båten ligg i hamna i Volda og i heile perioden frå byrjinga av mai til det vart for mørkt ut på hausten, var det fast *dugnad* kvar måndag. Dei siste to vekene før landsstemnet var ein gjeng der dagleg for å gjere båten presentabel. Det har også vore mykje papirarbeid knytta til kjøpet, i forhold til Fikseridirektoratet og Skipsregistera. Vi måtte ha dispensasjon frå kravet om destruksjon og tinglyst avtale med fiskeridirektoratet.

Mange la ned ein enorm dugnadsinnsats i samband med kjøpet, overtakinga og oppussinga av båten. Dessutan fungerte den som ein sosial møtestad både i hamna i Volda og ikkje minst under landsstemnet i Fosnavågen. Det gjenstår enno ein del arbeid før båten er slik vi ønskjer, og vi håper dugnadsvilja held seg oppe.

ANDRE AKTIVITETAR:

Jørn Olav har laga *heimeside* for kystlaget.

Årsmøtefesten på Ungdomshuset samla 40 stykker. Det vart som vanleg servert klippfisk med kvit saus.

Vi stilte med tre rolag i *roregattaen* under Båtfestivalen på Eid 24.mai, i eit av vikingskipa til Jakob Helset og i nordfjordseksringen til Wendi og Jostein Stråbø.

Båtsamlingane og Kystlaget tok i fellesskap i mot tre sogelag frå Fræna 8. juni. Dei fekk omvisning i Båtsamlingane, i båtskota og vart servert blandaball frå Volda fiskemat på ungdomshuset.

15 vaksne og 8 ungar var på tur til *Yksnøya* 14. juni. Vi gjekk både med Nordlys og Ina Kristin (høgskulen sin båt).

Vi arrangerte *Kystlagsdag* i Båtsamlingane 28. juni. Det vart fyrst opp i to feltesser, brent tjære, laga tynneband, steikt vaflar og prata mykje. Ca 70 personar var innom.

Jon Yksnøy ga Kystlaget båten sin, "Troll". Båten vart i si tid bygd i Pe-garden og har mesteparten av tida vore brukt til fiske og transport til/frå Yksnøya. Dette er ein båt som har vore i bruk på sjøen heilt til sommaren 2008. Fordi Kystlaget har nok med arbeidet som skal gjerast på Nordlys, delegerte styret ansvaret for Troll til Gunnar Andenes, Robert Steinnes og Thomas Busker Larsen. Dei disponerar båten, men Kystlaget er formell eigar.

17.-20. juni var det *landsstemne* i Fosnavågen. Vi gjekk med eigen båt denne gongen. Nokon overnatta om bord, nokon hadde med eigen båt og nokon reiste fram og tilbake. Litt vanskeleg å seie kor mange av medlemmane som var der, men vi serverte potetball (Volda fiskemat!) til om lag tjue stykker to dagar på rad, og selde 27 t-skjorter. Ei shanty-gruppe frå Volda holdt konsert på dekket på Ina Kristin mens den gjekk rundt i hamna. Til saman var det sju båtar med tilknytning til Volda eller Kystlaget på stemnet.

Under *Tall Ships' Races* i Måløy 1.-4.august hadde vi stand i lag med Kystlaget Hornelen og Kystkulturlaget i Vågsøy. Målsettinga var å vise kystkulturen i området, representere Forbundet Kysten og få litt inntekter. Vi bidrog med demonstrasjonsfæringen, grindbygg lånt frå Volda bygdetun, feltesse og eigen smed (Reidar Homberset). Dessutan selde vi svele og kaffi i lag med Hornelen for om lag 45 000.- kr. 23 stykker frå kystlaget vårt var innom og gjorde ein innsats på standen.

30.august gjekk vi med Nordlys til Herøy gard, der Herøy Museumsbåtlag arrangerte marknadsgard.

I samarbeid med Volda bygdetun hadde vi *haustfest* på Garveriet søndag 23.november. Med god hjelp frå toppleiinga i Hornelen serverte vi baccalao til 31 vaksne og 12 barn.

MEDLEMSUTVIKLING

Frå å vere 51 medlemmar då 2008 starta, var vi ved årsskiftet 74. Det er ei auke på 45 %. Det er lett å tru at dette hovudsakleg skuldast kjøpet av Nordlys. På nesten kvart einaste av dei arrangementa vi enten deltok på eller arrangerte sjølve, verva vi nye medlemmar. Vi har i dag fleire medlemmar i Volda-sentrum enn på Bjørkedalen. Det ser dessutan ut til at trenden vil fortsette 2009.

Geografisk fordeler medlemmane seg no slik:

Bjørkedalen: 23

Straumshamn: 5

Folkestad: 2

Dalsbygda: 1

Volda: 27

Ørsta: 4

Sogn og Fjordane: 4

Andre stadar: 10

Volda 14.04.09

Tove Aurdal Hjellnes
Jørn Olav Løset
Ottar Bjørkedal

Ståle Mek
Nils Ola Skuset